



Varme AS  
Postboks 20 Kristianborg  
5822 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/597 - 19/36141

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
04.12.2019

## Etterlyser søknad om ferdigattest for montering av ny skorstein i einebustad - gbnr 245/1 Kvamme (Ostereidet)

**Tiltak:** Montering av ny skorstein i einebustad  
**Tiltakshavar:** Svein Olav Kvammen Eide  
**Ansvarleg søkjar:** Varme AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Lindås kommune viser til vedtak «Løyve til montering av ny skorstein i einebustad gbnr 245/1 Kvamme (Ostereidet)» datert 28.06.2016, sjå vedlegg.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke søknad om mellombels bruksløyve eller søknad om ferdigattest for tiltaket. Dersom tiltaket er ferdigstilt ber vi om at de fyller ut og sender inn vedlagd skjema for søknad om ferdigattest.

Dersom tiltaket ikkje er realisert ber vi om at de melder attende om det.

Søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. plan- og bygningslova §21-10 og byggesaksforskrifta § 8-1. *Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Vi gjer merksam på at dersom tiltak ikkje igangsett innan 3 år frå vedtaksdato så er løyvet gått ut, saka vert avslutta og du må søkje på nytt etter gjeldande regelverk.

**Frist for å søkje om ferdigattest eventuelt å melde attende om at arbeidet ikkje er utført vert sett til 17.12.19.**



Vi gjer merksam på at dersom tiltaket er ferdigstilt og tatt i bruk utan at det ligg føre ferdigattest eller mellombels bruksløyve kan kommunen pålegge dykk å søkje om ferdigattest.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Løyve til montering av ny skorstein i einebustad - gbnr 245/1 Kvamme (Ostereidet)  
blankett 5167 søknad om ferdigattest

**Kopi til:**

Svein Olav Kvammen Eide	Sleipners Veg 21	5221	NESTTUN
Svein Olav Kvammen Eide	Sleipners Veg 21	5221	NESTTUN
Varme AS	Postboks 20 Kristianborg	5822	BERGEN

**Mottakarar:**

Varme AS	Postboks 20 Kristianborg	5822	BERGEN
----------	-----------------------------	------	--------